

---

**Fra:** Kristian Råsberg <kristian.rasberg@fjordbruk.no>  
**Sendt:** tirsdag 29. januar 2019 08:11  
**Til:** Marianne Aadland Sandvik  
**Emne:** SV: Søknad om utfylling gnr 43 bnr 23, 76

Hei igjen. Til informasjon har me ikkje motteke merknad frå Friluftsrådet.

Fristen gjekk ut i går.

Med helsing

Kristian Råsberg  
Alsaker Fjordbruk AS

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Kristian Råsberg  
Sendt: mandag 14. januar 2019 15.03  
Til: 'Marianne Aadland Sandvik' <[marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no](mailto:marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no)>  
Emne: SV: Søknad om utfylling gnr 43 bnr 23, 76

Hei, me har nabovarsla Meland kommune som heimelshavar i grunnboka, men me vil sende eit nabovarsel til Bergen og Omland Friluftsråd per epost. Du vil motta kopi som stadfesting på at varselet er sendt.

KR

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Marianne Aadland Sandvik <[marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no](mailto:marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no)>  
Sendt: mandag 14. januar 2019 14.54  
Til: Kristian Råsberg <[kristian.rasberg@fjordbruk.no](mailto:kristian.rasberg@fjordbruk.no)>  
Emne: SV: Søknad om utfylling gnr 43 bnr 23, 76

Hei

Takk for rask oppklaring. Eg har dessverre ikkje hatt anledning til å sjå på søknaden før i dag. Eg fekk i dag beskjed frå kulturavdelinga at tiltaket må nabovarslast Bergen og omland friluftsråd, då det er dei som forvaltar arealet som Meland kommune eig. Vi skal prøve å handsame søknaden parallelt med at den er på nabovarsling til friluftsrådet, så de slepp vente etter at fristen for merknad er gått ut. De kan evnt ringe dei og spør kva vurdering dei gjer seg, og om dei vil ha merknad til tiltaket eller er positive.

Med venleg helsing

Marianne Aadland Sandvik  
Juridisk rådgjevar byggjesak  
Meland kommune  
e-post: [marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no](mailto:marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no)

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Kristian Råsberg [<mailto:kristian.rasberg@fjordbruk.no>]

Sendt: mandag 14. januar 2019 14:47

Til: Marianne Aadland Sandvik

Emne: SV: Søknad om utfylling gnr 43 bnr 23, 76

Hei, og takk for raskt svar!

Området er i dag nytta til sporadisk trafikk med mindre båtar. Det er ei lengre flytebrygge som ligg utanfor området. Bruken av sjøarealet vil ikkje verte endra som ei følge av tiltaket. Arealet er ikkje nytta til ålmenn ferdsle i dag.

Utfyllinga vil verte nytta til landbasert oppdrett som ei forlenging av noverande bruk. Det vil ikkje auke bruken av sjøarealet då smoltlevering føregå via slange utom brua til lo om lag 1 km sørvest.

Ihht oppslag i Miljøstatus, Naturbase og Artsdatabanken vil ikkje tiltaket medføre negative verknadar for artsmangfald eller naturmangfald. Det vil verte nytta siltgardin ved utfylling for å hindre spreining av finstoff.

Vedlagt ligg snitt samt oppgitt lengde på fylling-/kaiareal. Vonar dette er oppklarande.

Med venleg helsing

Kristian Råsberg  
Alsaker Fjordbruk AS

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Marianne Aadland Sandvik <[marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no](mailto:marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no)>

Sendt: mandag 14. januar 2019 13.55

Til: Kristian Råsberg <[kristian.rasberg@fjordbruk.no](mailto:kristian.rasberg@fjordbruk.no)>

Emne: SV: Søknad om utfylling gnr 43 bnr 23, 76

Hei

Kommunen finn grunnlag for å frita frå plankravet også når det gjeld avslutning på utfyllinga, men for å kunne handsame søknaden må de gje oss tilbakemelding på følgjande:

- kva ferdsel er på det aktuelle arealet i dag
- vil utfyllinga få konsekvensar for ålmenta si utnytting av sjøarealet?
- kva skal utfyllinga nyttast til?
- medfører utfyllinga auka bruk av sjøarealet?
- kva konsekvensar får utfyllinga for natur/miljø?
- kva avslutning skal utfyllinga ha - dette må også visast på kart/teikning.

Med venleg helsing

Marianne Aadland Sandvik  
Juridisk rådgjevar byggjesak  
Meland kommune  
e-post: [marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no](mailto:marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no)

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Kristian Råsberg [<mailto:kristian.rasberg@fjordbruk.no>]

Sendt: mandag 14. januar 2019 08:30

Til: Marianne Aadland Sandvik

Emne: Søknad om utfylling gnr 43 bnr 23, 76

Hei, viser til brev frå Bergen Havn kor dei ynskjer ei avklaring om tiltaket også er friteke plankravet når det gjeld avslutninga av utfyllinga (plastring og/eller murekai).

For vår del heng dette i hop både funksjonelt og estetisk, der utfyllinga må avsluttast på ein skikkeleg måte for å hindre utvasking.

Med venleg helsing

Kristian Råsberg  
Alsaker Fjordbruk AS